



Innkalling
av
Valstyret

Møtedato: 29.03.2023
Møtestad: Heradsstyresalen
Møtetid: kl.17:00 - 18:00

Møtestart etter formannskapet

Eventuelle forfall må meldast i Kaukus eller til Runar Ludvigsen per tlf. 56192100, sms til eller per epost til runar.ludvigsen@osteroy.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
001/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/23	Godkjenning av møtebok
003/23	Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023 - Utlegging av manntalet til offentlig ettersyn
004/23	Kommunestyre- og fylkestingvalet 2023 - Mottak og handsaming av førehandsrøyster
005/23	Kommunestyre- og fylkestingvalet 2023 - Tidlegrøyst, førehandsrøysting, røysting på institusjonar og ambulerande røystemottak
006/23	Kommunestyre- og fylkestingvalet 2023 - Førebels oppteljing av valtingsrøyster
007/23	Valestrand krins - røystestyret

22. mars 2023

Lars Fjeldstad
Ordfører

Runar Ludvigsen
Sekretær

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
001/23	Valstyret	PS	29.03.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	23/864

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Saksopplysningar:

Innkalling med sakliste er send ut.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
002/23	Valstyret	PS	29.03.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Dagrun Revheim	23/864

Godkjenning av møtebok

Vedlegg:

Protokoll - Valstyret - 23.11.2022

Møteprotokoll frå vert godkjend.

Saksopplysningar:

Møteprotokoll er send ut til godkjenning.

Møteprotokoll for Valstyret

Møtedato: 23.11.2022
Møtestad: Heradsstyresalen
Møtetid: kl. 15:45 - 16:0540

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Hjalti Heimir Gislason	H	Nestleiar
Lars Fjeldstad	SP	Utvalsleiar
Ragnar Tyssebotn	FRP	Medlem
Rita Aud Tveiten	AP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstattar medlem
Alexander Thunestvedt	AP	

Følgjande frå administrasjonen møtte: Rådmannen, politisk-adm.sekretariat

Sakliste

Saknr	Tittel
014/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
015/22	Godkjenning av møtebok
016/22	Kommunestyre- og fylkestingvalet 2023 - røstekrinsinndeling og røystetider

014/22: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

23.11.2022 VALSTYRET

Det var ingen merknadar til innkalling og sakliste

VS - 014/22 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

015/22: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå 12.10.2022 vert godkjend.

23.11.2022 VALSTYRET

Det var ingen merknadar til møtebok

VS - 015/22 VEDTAK:

Møteprotokoll frå 12.10.2022 vert godkjend.

016/22: Kommunestyre- og fylkestingvalet 2023 - røystekrinsinndeling og røystetider

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Valtinget 11.09.2023 vert, jf. Vallova §9-3 punkt 2, halde på desse stadene og med slike opningstider:

- | | |
|---------------------|------------------------------|
| · Lonevåg krins | ? |
| · Haus krins | Skulebygget, gymnastikksalen |
| · Bruvik krins | ? |
| · Hauge krins | Skulebygget |
| · Fotlandsvåg krins | Skulebygget |
| · Valestrand krins | Skulebygget, gymnastikksalen |

Alle krinsene med opningstider: Kl. 12:00– kl. 20:00

12.10.2022 VALSTYRET

Ordførar hadde slikt tilleggsframlegg: Lonevåg krins på biblioteket i Lonevåg, Bruvik krins på Knausatun.

AVRØYSTING:

Ordføraren sitt tilleggsframlegg vert samrøystes vedteke
Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

VS - 013/22 VEDTAK:

Valtinget 11.09.2023 vert, jf. Vallova §9-3 punkt 2, halde på desse stadene og med slike opningstider:

- | | |
|---------------------|------------------------------|
| · Lonevåg krins | Biblioteket i Lonevåg |
| · Haus krins | Skulebygget, gymnastikksalen |
| · Bruvik krins | Knausatun |
| · Hauge krins | Skulebygget |
| · Fotlandsvåg krins | Skulebygget |
| · Valestrand krins | Skulebygget, gymnastikksalen |

Alle krinsene med opningstider: Kl. 12:00– kl. 20:00

23.11.2022 VALSTYRET

Det har i etterkant av at valstyret 12.10.2022 kome tilbakemeldingar om at biblioteket i Lonevåg ikkje er optimalt for gjennomføring av valet for Lonevåg krins. Saka er difor kommen opp til handsaming igjen.

Ordføraren sette fram slikt framlegg: Stad for Lonevåg krins vert endra til Osterøyhallen

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

VS - 016/22 VEDTAK:

Valtinget 11.09.2023 vert, jf. Vallova §9-3 punkt 2, halde på desse stadene og med slike opningstider:

- | | |
|---------------------|------------------------------|
| · Lonevåg krins | Osterøyhallen |
| · Haus krins | Skulebygget, gymnastikksalen |
| · Bruvik krins | Knausatun |
| · Hauge krins | Skulebygget |
| · Fotlandsvåg krins | Skulebygget |
| · Valestrand krins | Skulebygget, gymnastikksalen |

Alle krinsene med opningstider: Kl. 12:00– kl. 20:00

Til å skriva under møteprotokollen saman med ordførar vart desse valde: Hjalti H. Gislason og Aleksander Thunestvedt

Lonevåg, 23.11.2022

Runar Ludvigsen
Sekretær

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
003/23	Valstyret	PS	29.03.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	22/401

Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023 - Utlekking av manntalet til offentlig ettersyn

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ved valet 2023 vert manntalet lagt ut til ettersyn på desse stadene:

Valestrand krins:	Coop Extra, Valestrandsfossen
Hauge krins:	Coop Extra, Valestrandsfossen og Coop Extra Lonevåg
Lonevåg krins:	Coop Extra Lonevåg
Fotlandsvåg krins:	Joker Fotlandsvåg
Haus krins:	Kiwi Haus
Bruvik krins:	Nærbutikken Bruvik
Hovudmanntalet:	Osterøy rådhus, Servicekontoret.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

I samband med valet 2023 skal valstyret leggja ut manntalet for Osterøy kommune til ettersyn jf. Vallova §2-6. Manntalet skal leggjast ut så snart det let seg gjera etter skjæringsdatoen 30. juni, og det skal liggja ute til og med valdagen. Vallova stiller ikkje spesielle krav, men føremålet med utlegginga er at veljarane enkelt skal kunna kontrollera om dei er manntalsførte. Desse opplysningane vil også framgå av valkortet som ved dette valet vert sendt ut digitalt. På valdagen kan du berre røysta i den kommunen du er manntalsført.

Tidlegare praksis har vore å leggja hovudmanntalet til ettersyn i servicekontoret i rådhuset, og krinsmanntala har vore lagde ut på butikken på Bruvik, i Haus, Valestrand, Lonevåg, Fotlandsvåg og Tysse.

For meir informasjon om manntal, sjå: <https://valgmedarbeiderportalen.valg.no/artikler/mer-om-manntall/>

Vurdering

Rådmannen gjer framlegg om at manntalet vert lagt ut til ettersyn på dei same stadene som ved valet i 2019 og 2021.

Valstyret må avgjera kvar manntalet skal liggja ute. Det er ikkje høve til å leggja manntalet ut på internett.

Retting av eventuelle feil i manntalet

Det er ikkje ofte det førekomer feil i manntalsutkasta, men det kan sjølvstakt ikkje utelukkast. Merk at krav om retting av eventuelle feil ikkje gjeld for veljar som har flytta etter 30. juni. At nokon flytter

etter skjæringsdato og dermed står manntalsført i ei anna kommune enn der vedkommande er folkeregisterført som busett på valdagen, er ikkje ein feil. Det er ikkje adgang til å føre manntalet i strid med folkeregisteropplysningar på dette tidspunktet.

Dersom manntalet ikkje er i samsvar med folkeregisteropplysningane, må valstyret rette dette så snart dei vert merksam på feilen. Dette gjeld både på bakgrunn av krav om retting eller om valstyret sjølv er blitt merksam på feilen. Om feilen kan verte retta via overføringar frå skatteetaten til EVA skal ikkje valstyret sjølv foreta rettinga i manntalet, men melde feilen til skatteetaten.

Konklusjon

Saka vert lagt fram for valstyret for handsaming og avgjerd.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
004/23	Valstyret	PS	29.03.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	22/401

Kommunestyre- og fylkestingvalet 2023 - Mottak og handsaming av førehandsrøyster

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen får fullmakt til å oppnemne personell til mottak, handsaming og godkjenning av førehandsrøystene i samband med kommunestyre- og fylkestingvalet 2023.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

I samband med tidlegare val har det vore oppnemnd faste personar til å opna og godkjenna førehandsrøystene.

Valstyret er eit folkevald organ etter kommunelova og reglane for val, sakshandsaming i utvalet og delegeringsmynde gjeld difor. Etter kommunelova §13-1 6. ledd kan valstyret delegera mynde til rådmannen i ikkje-prinsipielle saker. Oppnemning av valmedarbeidarar og røystemottakar er å sjå på som ein slik sak.

Nye arbeidsmåtar som følgje av ny teknologi gjer at ein treng mindre mannskap til arbeidet med innkomne førehandsrøyster.

Organisering og gjennomføring av sjølve førehandsrøystinga krev no meir ressursar då ansvaret for denne oppgåva er lagt fullt ut til kommunen.

Vurdering

Mottak og handtering av førehandsrøystene vert gjort administrativt og det er difor mest praktisk at rådmannen får fullmakt til oppnemning av personell etter det som ei kvar tid er behovet, og dersom det skulle oppstå behov for meir personell grunna fråvær og/eller sjukdom. Dette har også vore praksis ved tidlegare val.

Konklusjon

Saka vert lagt fram for valstyret for handsaming og avgjerd.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
005/23	Valstyret	PS	29.03.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	22/401

Kommunestyre- og fylkestingvalet 2023 - Tidlegrøyst, førehandsrøysting, røysting på institusjonar og ambulerande røystemottak

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tidlegrøysting for valet 2023 er frå 03.07 – 09.08.23 og vert halde i Osterøy rådhus, i vestibylen i 2. etasje, innanfor ordinær opningstid, kl. 09.00 – kl. 15.00.

Førehandsrøystinga til kommune- og fylkestingvalet vert halde frå 10.08 – 08.09.2023 i Osterøy rådhus, i vestibylen i 2. etasje.

Opningstidene vert slik:

Måndag – torsdag kl. 09.00 – kl. 16.30.

Fredag kl. 09.00 – kl. 15.00.

Torsdag 07.09.2023 vert opningstida utvida til kl. 19.00.

I tillegg vert det halde ope for røysting laurdag 02.09.23, kl. 10.00 – kl. 15.00.

Det vert halde **førehandsrøysting på institusjonen** Osterøytunet etter avtale. I tillegg vert det halde førehandsrøysting ved omsorgs-/eldrebustadene på Valestrand, Lonevåg, Hosanger, Fotlandsvåg, Haus og på Osterøy vidaregåande skule.

Fristen for å søkja om **heimerøysting** er fastsett til kl. 10.00 torsdag, 7. september før valdagen.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Kommunen har ansvaret for gjennomføring av førehandsrøystinga til kommunestyre- og fylkestingvalet i september 2023. I samband med dette må valstyret ta stilling til spørsmål knytt til organisering og gjennomføring av valet. Dette gjeld m.a. organisering av tidlegrøysting, ordinær førehandsrøysting og heimerøysting.

Vallova seier i § 8 at røystinga skal gå føre seg i eigna lokale og hjå røystemottakar oppnemnd av valstyret. Førehandsrøystinga skal ved dette valet gå føre seg frå 10. august og avsluttast fredag 08. september, jf. vallova § 15.-5.

Tidlegrøysting frå 01. juli

Ved tidlegare val har det vore mottak for tidlegrøyster i Osterøy rådhus. Omfanget av tidlegrøysting har ikkje vore stort, og mottak i rådhuset har fungert greitt og rådmannen rår til å halda fram med denne organiseringa. Tidlegrøysting er meint som eit tilbod til veljarar som ikkje har høve til å røysta korkje ved den ordinære førehandsrøystinga eller på valdagen. Tidlegrøysting pågår fram til ordinær førehandsrøysting startar 10. august.

Førehandsrøysting

Valstyret har ansvar for gjennomføring av førehandsrøystinga ved stortings- og sametingsvalet, og avgjer kvar førehandsrøystinga skal foregå og kva opningstider ein skal ha.

Førehandsrøystinga startar torsdag 10. august og varer til fredag 08. september, og ved tidlegare val har denne vore lagt til rådhuset av praktiske omsyn. Bygget er lett tilgjengeleg med god parkering og lokala er lyse og har bra storleik. Lokalet har internett tilgjengeleg og det er tilgang til datasystem for utskrifta av valkort m.v. I hovudsak må ein leiga inn personell til førehandsrøystinga i rådhuset, samt til å ta imot røyster på institusjonar og heime hos folk. Personalet på rådhuset vil likevel vere lett tilgjengeleg og kan hjelpe med å teke imot førehandsrøystene, til dømes for å avvikle lunsj.

Ved valet til hausten vurderer rådmannen at det ikkje er nødvendig å teke spesielle atterhald omkring smittevern, men verda er likevel noko annleis no enn før covid-19 epidemien og det vil til dømes fortsett vere tilgang til handdesinfiserande middel.

Fleire og fleire førehandsrøyster ved val, men tendensen er noko mindre ved kommune- og fylkestingval enn ved stortingsval. Uavhengig av val har det vore ein aukande trend for førehandsavrøysting. Ved sist val i 2021 var det nok eit ekstra stort tal førehandsrøyster grunna covid-19, men ein reknar med at utviklinga i det heile held fram, om enn med litt tilbakegang frå sist val, og at kapasiteten på mottak av førehandsrøystar må vere god.

Førehandsrøysting på helse- og sosialinstitusjonar og andre stader

Ved tidlegare val har ein hatt førehandsrøysting på følgjande instisjonar/stader:

Osterøytunet, omsorgs- og eldrebustadene Valestrand, Lonevåg, Hosanger, Fotlandsvåg og Haus og på Osterøy vidaregåande skule.

Ved førehandsrøysting på institusjon og ved ambulerande røysting (heimerøysting) skal det vera minst to røystemottakarar til stades.

Heimerøysting

Veljarar som grunna sjukdom eller uførleik ikkje kan røysta på vanleg måte, kan etter søknad til valstyret få førehandsrøysta der dei oppheld seg. Vallova § 8-3 punkt 6 seier at «Fristen må fastsettes til et tidspunkt innenfor perioden mellom tirsdag og fredag siste uke før valget. Søknadsfristen skal kunngjøres.»

Vurdering

Ved førre val (stortingsvalet i 2021) vart det gjort slikt vedtak om røystelokale og opningstid for førehandsrøystinga:

«Førehandsrøystinga til stortings - og sametingsvalet vert halde i Osterøy rådhus, i vestibylen 2. etasje, måndag – torsdag kl. 08.00 – kl. 16.30. Fredag kl. 08.00 – kl. 15.00. Torsdag 09.09.21 vert opningstida utvida til kl. 19.00. I tillegg vert det halde ope for røysting laurdag 04.09.21, kl. 10.00 – kl. 15.00.

Tidlegrøysting til valet, frå 01.07 – 09.08.21 vert halde i Osterøy rådhus, vestibylen i 2. etasje, innanfor ordinær opningstid.

Det vert halde førehandsrøysting etter avtale på institusjonen Osterøytunet. I tillegg vert det»

Utvida opningstider og fleire røystestader vil gje høgare kostnader.

Denne gongen vurderer rådmannen at ein ikkje bør opne før normalt opningstid i kontaktsenteret på rådhuset. Dette for å unngå ekstra bemanning både i kontaktsenter og for mottak av røyster ein time lengre. Rådmannen vurderer at det vil vere rikeleg med moglegheit for å førehandsrøyste sjølv om ein kuttar ein time frå 08-09:00.

Rådmannen vurderer at det har vore god erfaring med å halde opent til 16:30 alle dagar utanom fredag då dette gir god tilgong for folk å stemme etter arbeidstid. Redusert opningstid på fredag er i hovudsak grunna bemanningsomsyn inn mot helg, men ein vurderer og at dei fleste på dette tidspunktet ønskjer å kome seg heim.

Rådmannen rår elles til å følgje same praksis for førehandsrøysting, tidlegrøysting og heimerøysting som ved tidlegare val.

Konklusjon

Saka vert lagt fram for valstyret for handsaming og avgjerd.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
006/23	Valstyret	PS	29.03.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	22/401

Kommunestyre- og fylkestingvalet 2023 - Førebels oppteljing av valtingsrøyster

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Førebels oppteljing av valtingsrøystene vert halden i krinsane ved Kommunestyre- og fylkestingvalet 2023.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Etter at valtinget er avslutta skal røystestyra telja opp røystesetlane i urnene. Talet på røystesetlar skal førast i protokollen for røystestyret. Denne ordninga har samanheng med at det ikkje lenger vert nytta røystesetelkonvolutt på valtinget, då med unntak for røyster som vert lagt i særskild omslag.

I Osterøy har ein ved tidlegare val hatt førebels oppteljing i krinsane. Røystestyret må i alle høve telja setlane, og det tek då ikkje så mykje lenger tid å sortera på parti og gjennomføra førebels oppteljing for kvar krins. Dette gir også det raskaste oppteljingsresultatet frå grovteljinga.

I tillegg kjem kravet i valforskrifta om at førebels oppteljing av røystene skal skje manuelt. Manuell oppteljing inneber at oppteljinga skjer for hand, utan bruk av maskiner. For å praktisk kunne gjennomføre ei manuell oppteljing, må dette skje i krinsane eller på rådhuset. Grunngevinga for dette kravet er at det skal sikre legitimiteten til valresultatet.

Erfaringa med krinsvis oppteljing er god, og ein kjenner ikkje til noko som tilseier at ein skal endra på dette. Krinsvis oppteljing føreset at det er minimum 100 personar med røysterett i krinsen, jf. Vallova § 10-4 punkt 2. Ved færre manntalsførte må ein telja fleire krinsar saman.

Førehandsrøystene vert talde sentralt tidlegare på valdagen, om mogeleg dagen før.

Vurdering

Det er viktig å få resultatet frå grovteljinga fram så fort som råd og krinsvis oppteljing er då den beste løysinga. I Osterøy er alle krinsar store nok til å ha grovteljing. Rådmannen rår difor til at ein held fram med førebels oppteljing i krinsane. Då kan krinsen starta oppteljinga umiddelbart etter at valtinget er avslutta, medan ein ved sentral oppteljing må venta til alle krinsrøystene er komne inn.

Konklusjon

Førebels oppteljing av valtingsrøystene vert gjort i krinsane. Saka vert lagt fram for valstyret for handsaming og avgjerd.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
007/23	Valstyret	PS	29.03.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	23/632

Valestrand krins - røystestyret

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Åse Olsnes vert fritake frå sitt verv som 1. varamedlem for Valestrand røystekrins.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Åse Olsnes har gitt melding om at ho ikkje kan stå som 1. varamedlem til Valestrand røystestyre grunna helsemessige årsaker.

Ein røystekrins er eit folkevald organ etter kommunelova §5-1. Dersom ein folkevald ikkje kan ivareta sitt verv utan at det fører til vesentleg ulempe kan han eller henne fritakast. Ei helsemessig årsak vil vere innanfor det som lova kategoriserer som ein vesentleg ulempe, jf. Kommunelova §7-9.

Vurdering

Valstyret må teke stilling til om ein vil gje Åse Olsens fritak frå resten av perioden. Rådmannen vil rå til at ein i dette tilfellet gir fritak.

Valstyret må vidare vurdere om ein skal supplere varalista til Valestrand røystekrins.

Ved valet i 2021 var varalisten på 4. medlemmer, men Åse Olsnes kunne heller ikkje då stille som varamedlem av same årsak. I praksis var dei altså 3 varamedlemmer, det same som dei også var ved valet i 2019.

Det er ingen automatikk i å erstatte varamedlemmer og ein må i desse høva vurdere kva som er nødvendig.

Rådmannen kjenner ikkje til kvifor det vert auka opp frå 3 til 4 varamedlemer til valet i 2021, men på generelt grunnlag er det viktig at alle røystestyrene er god bemanna for å handtere dei oppgåvene dei har. Det er difor viktig at dei har tilstrekkeleg med varamedlemmer som kan komme inn ved forfall.

Leiar for Valestrand røystekrins har gitt tilbakemelding om at dei skal klare seg med 3. varamedlemmer, men at dei gjerne ønskjer eit 4. varamedlem då dette gir dei ein større tryggleik mot forfall/sjukdom.

Rådmanne legg ikkje fram framlegg til vedtak i saka om supplerings eller ikkje.

Konklusjon

Saka vert lagt fram for valstyret for handsaming og avgjerd.